

## **Budsjett Venstre 2019:**

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringar:

### **Verbalforslag**

#### **1. Regionreform**

Føremålet med regionreform er å oppnå meir folkevald styring og desentralisering av makt. Venstre vil arbeide aktivt for at fleire oppgåver og ressursar vert overført frå staten.

#### **2: Fyllingsdalen Teater/Bømlo Teater**

Fyllingsdalen teater og Bømlo teater er viktige teater og kulturtilbod til born - og unge i ulike deler av Hordaland. Bømlo teater vil og ha ei viktig rolle i markeringa av 1000 års jubileet 2024 på Moster.

#### **3: Sentralbadet**

Fylkestinget understreker betydninga og nødvendigheten av å sikre Carte Blanche og BIT Teatergarasjen hensiktsmessige lokaler til sin fremragende kunstneriske virksomhet med fortsatt base i Bergen/Hordaland.

Fylkestinget anmoder fylkesrådmannen om aktivt og følge vidare opp, og helst styrke, HF sitt medansvar for å realisere Sentralbadet prosjektet som skal løse de to kunstinstitusjonene sine prekere husnød.

#### **4. Moster 2024**

Fylkestinget vil aktivt støtte opp om markering for innføring av kristenretten i Norge, på Moster 2024.

#### **5. Den kulturelle skulesekken og spaserstokken**

Fylkestinget vil auke nynorsk produksjon i Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken

#### **6. Skulestruktur**

Fylkestinget vil sikre at skulestrukturen i Vestland fylke framleis er desentralisert

#### **7. Nynorsk**

Fylkestinget ynskjer å utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule

#### **8. Manger Folkehøgskule**

Fylkestinget ynskjer å oppretthalde Manger folkehøgskule som eit senter for korpsmusikk

#### **9. Skulehelsetenesta**

Fylkestinget ynskjer å gje bidrag til kommunane slik at den kommunale skulehelsetenesta vert utvida i vidaregåande skule.

#### **10. Folkehelse**

Fylkestinget vil følge opp det nasjonale programmet - Program for folkehelse i kommunane - og inkludere heile Vestland fylket i programmet

## **11. Klimaplan for Hordaland**

Venstre ønskjer å styrka klimaplan for Hordaland med ytterligere 5 mill, då menneskeskapte klimautfordringar og tap av natur og artsmangfald er vår tids største utfordring.

## **12. Friluftsråd**

Fylkestinget meiner at marin forsøpling og plast i havet er ein av vår tids største utfordringar- Fylkestinget ønskjer å bidra til ein stor auke i oppryddinga av kysten vår, gjennom styrka bidrag til våre to friluftsråd.

## **13. Nullutslipp**

Fortsatt jobbe mot statlege myndigheter for at dei skal ta større del av det økonomiske ansvaret for krav om nullutslipp i ferje - og hurtigbåtflåten. Kriteriene for kompensasjon for båtruter må gjennomgås, slik at fylker med hurtigbåtruter kan opprettholde desse.

## **14. Trafikksikker fylkeskommune**

Det må være eit mål at Hordaland fylkeskommune startar ein prosess som fører til at fylkeskommunen vert godkjent som trafikksikker kommune innan utgangen av 2019.

## **15. Innfartsparkering**

Fylkestinget ber om at det vert lagt fram ei sak på brukarbetaling på innfartsparkeringsplassane i Hordaland frå og med 1. august 2019. Fylkestinget ønskjer å prioritera vidare utbygging av innfartsparkering for sykkel.

## **16. Sykkelby - og bygder**

Fylkestinget ønskjer at fleire kommunar vert sykkelby og -bygder, og ber om at det vert lagt fram ei sak om fordelsprogram av at fleire kommunar vel å satsa.

<b>Endring driftsbudsjett</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
Havbruksfond	20,00	
Disposisjonsfond	15,00	
Redusert innsats handlingsprogram for innfartsparkering	0,70	
Innfartsparkering brukarbetaling	8,70	
Auka skatteanslaget	5,00	
Reklameinntekter bussskur, mm	5,00	
Konsesjonskraft	4,00	
<b>Sum</b>	<b>58,40</b>	
<b>Endring driftsbudsjett</b>		
<b>Kultur</b>		
konsolidering av bergen sjøfartsmuseum ogmuseumvest		0,26
kraftmuseum		0,10
det akademiske kvarter		0,10
fyllingsdalen teater		0,05
bømlo teater		0,05
kristenretten		0,10
friluftsrådet vest		0,80
bergen og omland friluftsråd		0,80
geopark sunnhordland/Moster		0,30
<b>Samferdsle</b>		
ølen fjellbergøy borgundøy		1,45
båtruta reksteren våge os		1,85
innfartsparkering		
styrking vegvedlikehald av fylkesvegar		10,00
gratis buss fram til skulestart		1,00
Takst frys på alle bussprisar		19,70
styrka ruteproduksjon i heile Hordaland		10,00
Oppstart Planarbeid Gang- og sykkelveg Litlabøvegen		0,40
klimaplan for hordaland		5,00
Ferje Valestrand Breistein		0,85

<b>Oppvekst og helse</b>		
Manger Folkehøgskule		1,00
helsesøstre		2,00
Nedtrekk TK Vest/forskning	1,0	
Helseforebygging, Meningekokkvaksine for alle for 1. og 2. klasse, omlegging slik at 1. klasse får årlig		3,30
Helsesenter for papirløse		0,29
<b>Endring driftsbudsjett</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
<b>Sum drift</b>	<b>59,40</b>	<b>59,40</b>